



Sak nr. 3/06

**HØYRING - FRISKOLELOVA - STOPP FOR GODKJENNING AV
FRITTSTÅANDE SKOLAR - ENDRING I FAGSKOLELOVA**

Arkivsaksnr.: 05/2675
Arkivkode: A40
Møtedato: 01.02.2006
Saksbehandler: Sverre Skiffell
Saksordfører: *
Behandling i:
3/06 Hovudutval for kompetanse

Hovudutval for kompetanse i møte den 01.02.2006 sak nr. 3/06:

Vedtak i Hovudutval for kompetanse

1. *Telemark fylkeskommune har ingen særskilde merknader til det lovframlegg som nå ligg føre.*

Behandlinga i Hovudutval for kompetanse

Representanten Håvard Haukvik (H) sette fram følgjande forslag på vegne av H, Krf, Frp og Uavhengige:

”Fylkeskommunen stiller seg på prinsippielt grunnlag svært kritisk til at godkjenningar som er gitt på lovlig måte annulleres ved å gi en lovbestemmelse tilbakevirkende kraft. Fylkeskommunen vil tilrå at det nye forslaget til friskolelova ikkje blir vedteke.”

Votering, punktvis:

Punkt 1 satt opp mot Haukviks forslag. Forslaget fell 5 mot 4 røyster

Punkt 2 fell 5 mot 4 røyster

Punkt 3 strøket samrøystes vedteke

Forslag til vedtak frå fylkesopplæringssjefen

1. *Telemark fylkeskommune har ingen særskilde merknader til det lovframlegg som nå ligg føre.*
2. *Telemark fylkeskommune vil be om at staten sørgjer å skape stabilitet i lovgjevinga på dette området.*
3. *Av omsyn til fylkeskommunens ansvar for planleggjing av det vidaregåande opplæringstilbodet og for å oppfylle rettane til innbyggjarane etter opplæringslova, vil Telemark fylkeskommune be om at staten så snart som mogeleg avklårar korleis friskolane skal forhalde seg.*

Problemstillinga i få ord

Utdanings- og forskingsdepartementet (frå 01.01.2006 Kunnskapsdepartementet) har i brev av 16.12.2005 sendt ut forslag til mellombels endring av friskolelova og forslag til endring av fagskolelova. Høyringsfristen er sett til 31.01.2006.

Saksopplysningar

Utdanings- og forskingsdepartementet (frå 01.01.2006 Kunnskapsdepartementet) har i brev av 16.12.2005 sendt ut forslag til mellombels endring av friskolelova og forslag til endring i fagskolelova. Høyringsfristen er sett til 31.01.2006. Departementet har understreka at det ikkje vil bli gjeve utsett høyringsfrist. Vi har derfor oversendt vårt skasframlegg med forslag til vedtak til departementet og samstundes underretta om at hovudutvalets vedtak vil bli ettersendt så snart som mogeleg.

Bakgrunnen for forslaget er ei politisk kursendring. I høyringsutkastet heiter det at regjeringa ønskjer å snu trenden frå vekst i friskolar til ei samling av midla i den offentlege skolen. Regjeringa vil arbeide for ei lov som i hovudsak byggjer på den tidlegare privatskolelova som blei erstatta med lov om friskolar frå 01.10.2003.

Etter gjeldande friskolelov har skolar som søker om godkjenning etter friskolelova rett til godkjenning dersom dei fyller minstekrava i lova. Godkjenning gjev også rett til tilskott. Retten til godkjenning gjeld likevel ikkje dersom etablering av ein friskole som vidaregåande skole fører til vesentlege negative konsekvensar for fylkeskommunen.

Departementet har gjeve Utdanningsdirektoratet mynde til å avgjøre søknadene. Departementet er klageinstans.

Departementet har foreslått følgjande endringar i friskolelova § 2-2 første ledd:

”Det skal mellombels ikkje givast godkjenning til nye frittstående vidaregåande skolar. Berre godkjende skolar som er i drift 13. desember 2005, har rett til tilskot og til å drive verksemd etter lova. Departementet kan i særlege tilfelle gjere unntak frå dette dersom skolen oppfyller krava etter lova. Departementet kan godkjenne driftsendringar.”

Det aktuelle lovforslag vil bli lagd fram for Stortinget våren 2006. Departementet skriv også at det er naudsynt med meir tid for å utgreie eit meir omfattande og permanent lovframlegg. Eit slikt framlegg vil bli lagd fram for Stortinget våren 2007.

I Telemark er det i 2005/2006 følgjande vidaregåande skolar godkjende som friskolar og har elevar: Treider, Fyresdal vidaregåande Steinerskole, Toppidrettsgymnaset i Telemark og Kvitsund gymnas. Fyresdal vidaregåande Steinerskole har søkt om å utvide verksemda si, jfr. fylkestingssak nr.46/05. Toppidrettsgymnaset har hausten 2005 sett i gang ei klasse med om lag 30 elevar. Skolen har fått godkjenning for i alt 270 elevplassar. Vidare godkjende Utdanings- og forskingsdepartementet umiddelbart før regjeringsskiftet i oktober 2005 John Bauer Porsgrunn og Noroff på grunnlag av anke frå skolane over Utdanningsdirektoratets avslag. Desse to skolane har ikkje starta med undervisning hausten 2005.

Dersom det forslaget som ligg føre, blir vedteke av Stortinget vil dette – så vidt vi skjønar – få mest å seia for John Bauer Porsgrunn og Noroff som da ikkje vil kunne

starte verksemd som er godkjent etter friskolelova. Ein mogeleg rettstvist om dette vil i så fall vere eit forhold mellom staten og desse to skolane. Når det gjeld Toppidrettsgymnaset i Telemark og Fyresdal vidaregåande Steinerskole, har departementet skreve slik i høyringsutkastet:

"Godkjente skoler som er i drift kan etter søknad få endret godkjenningen. Endringen kan for eksempel være justering av alderstrinn, flere elevplasser eller nye tilbud. Departementet vil være restriktive når det gjelder godkjenning av flere plasser. Tillatelse til dette vil normalt bli gitt der det foreligger en opptrappingsplan til grunn for godkjenningen. Søknader om flere plasser som etter departementets skjønn må anses å gå ut over vanleg opptrapping vil bli avslått. Departementet vil ikke være like restriktiv når det gjelder tillatelse til endring i tilbud eller alderstrinn."

Departementet må sjølv vurdere om det skal ei ny søknadsrunde for skoler som allereie er godkjende og som i samsvar med godkjenninga også har fått høve til å trappe opp verksemda si over tid. Dette vil til dømes gjelde Toppidrettsgymnaset i Telemark som starta hausten 2005 med om lag 30 elevar, men har fått godkjenning for 270 elevplassar. Når det gjeld Fyresdal vidaregåande skole, omfattar søknaden nye tilbud som skolen ikkje har tidlegare og vil vel då – slik vi forstår merknadene ovafor – kunne sjåast på som å gå ut over vanleg opptrapping.

Som det går fram av høyringsutkastet, er det ulike syn på kva for rolle friskolar skal ha i samfunnet samanlikna med den offentlege skolen. Etter opplæringslova § 13-3 er det fylkeskommunen som har ansvar for at alle elevar med rettar etter lova som er busette i fylkeskommunen får tilbud om vidaregåande opplæring. Denne opplæringa kan til dømes også gjennomførast i friskolar.

Fylkeskommunane skal også planleggje og byggje ut det vidaregåande opplæringstilbodet i tråd med nasjonale målsettingar og dei offentlege skolane skal vere fylkeskommunale. Dersom det er fleire skoleeigarar, vil planleggjinga av det tilbodet som finn stad i offentlege skolar bli meir krevjande. Særleg vil det vere ei utfordring å få til ei god ressursutnytting. Dette må vegast opp mot høve for elevane til sjølv å velje utdanning og utdaningsinstitusjon.

Det vesentlege for fylkeskommunen er få til ei god planleggjing og stabilitet i planleggjinga over tid. Det er også hensiktsmessig å få til gode samarbeidsformer med godkjende friskoler og vi er i ferd med å utvikle dette i samarbeid med dei friskolane som ønskjer dette. Raske endringer gjer det vanskelig å gjere gode og hensiktsmessige tilpassingar. Det er – etter vårt syn – også naudsynt med ein gjennomgang av nåverande lovgiving.

Det vil ikkje vere føremålteneleg å ha omfattande endringar av lovverket ved kvart skifte av regjering. Omfattande endringar som reverserast ved neste regjeringsskifte skapar ikkje stabilitet.

Vurdering frå fylkesopplæringsjefen

Vi har ingen særskilde merknader til det lovframlegg som nå ligg før. Vi vil imidlertid tilrå at staten sørgjer for at lovgjevinga på dette området skaper stabilitet og ikkje er gjenstand for stadige og omfattande endringar. Av omsyn til fylkeskommunens planleggjing av skoletilbodet og å oppfylle rettane til innbyggjarane er det også nausynt at staten avklårar så snart som mogeleg korleis friskolane skal forhalde seg.

Vedlegg:

Brev av 16.12.2005 frå Utdannings- og forskingsdepartementet